



Klasse 10 C
rom 216
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2257 - 19/8225

Saksbehandlar:
Morten Olsen Schulstad
morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:
08.03.2019

Om søknad om å forlate skulen sitt område i matpausen

Skulen viser til søknad, mottatt 07.03.19, der klasse 10 C søker om løyve til å forlate skulen sitt område i matpausane.

Rektor fattar med dette følgjande beslutning:

Elevane i klasse 10 C får løyve til å forlate skulen sitt område i matpausane. Løyvet er gyldig frå og med måndag 11.03.19 til og med onsdag 19.06.19. Løyvet er gitt på vilkår om at alle elevane i klassen er solidarisk ansvarlege for at alle elevane kjem seg attende til skulen i god tid før 4. time.

Om skulen finn at dette løyvet har uønskt effekt på klassemiljø og/eller læringsresultat vil løyvet bli trekt attende.

Grunngjeving for beslutninga:

Det blir lagt vekt på at klassen ønskjer å øve seg på livet som elev i vidaregåande skule, sjølv om rektor vil råde den einskilde elev om å dempe forventningane til kva grad av individuell fridom vidaregåande utdanning eigentleg inneberer. Det er forøvrig prisverdig at klassen har fokus på skulen sine utfordringar med tilgjengeleg areal for elevane.

Sjølv om klassen ikkje har med ein konkret skildring av kva type mat dei ønskjer å handle på senteret i søknaden har rektor registrert at planen er å handle «skikkelig mat». Rektor tar det difor for gitt at klasse 10 C kun vil handle næringsrik føde, heller enn snøggmat, snop og/eller energidrykk.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Anders Olav Dale
Erlend Spurkeland
Hilde Fiske Hugaas
Linda Rosnes
Marianne Kim Bjordal
Ole Magnus Dalland
Unni Beate Solberg-Mortensen

Mottakarar:

Klasse 10 C

rom 216

5914

ISDALSTØ